

Behandling i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 05.02.2026

Samrøystes

Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 05.02.2026

Forskrift om skulereglar i Fyresdal kommune blir vedteke med dei endringar som ligg føre.

Endre § 3, avsnitt 1: Reglane gjeld på skulen, i skuletida, på skulevegen, i det digitale rommet og på ulike arrangement i regi av skulen (t.d. skuleturar).

Endre § 4 punkt 12: Vi held oss innanfor skulens område.

Endre § 7 punkt 4: Ikkje mobbe eller på andre måtar krenke andre fysisk, verbalt, digitalt eller kroppsspråkleg.

Endre § 7 punkt 13:

Bruke av digitalt utstyr (mobil, digital klokke, nettbrett, pc) skal gjerast i tråd med skulen sine reglar, reglar for godt nettvett og etter avtale med lærar.